

Helge Sandøy

Språkendringar med eller utan kontakt i Vest-Norden?

1. Innleiing

Debatten om sosial kontakt eller ikkje og om gammal påverknad mellom dei vest-nordiske språka er ikkje ny. Det er på sin måte ikkje underleg at dei tre språka islandsk, færøysk og norsk vekkjer interesse for dette interessante spørsmålet, for sia mellomalderen har eitt språk utvikla seg til tre språk, som i dag kan seiast å vere ikkje gjensidig forstålege lenger, og det er ingen geografiske område med gradvise overgangar mellom dei tre språka slik ein gjerne framstiller f.eks. det gradvise tyske språkkontinuumet frå vest i Nederland til aust i Austerrike. Med dei geografiske avstandane ligg mange forhold slik til rette i Vest-Norden at ein lett kan førestelle seg tre samfunn som blei isolerte frå kvarandre i vikingtida, og som dermed fekk kvar si sjølvstendige utvikling.

Med tre isolerte språksamfunn ville det vere lett å forstå alle språklege ulikskapane, men kva så med dei nyutvikla draga som er like? Den strukturelle lingvistikken inviterer oss til å leggje vekt på dei internspråkege kreftene i kvart språk – også når det gjeld dei endringane som er like i dei tre språka – mens sosiolingvisten vil prøve å sjå etter kontakt som forklaring på flest mogleg endringar. Tydelegast på kvar si side i diskusjonen står nok Kenneth Chapman (1962) og Hreinn Benediktsson (1962), der den første la all interesse i å forklare fellesutviklingane mellom islandsk og vestnorsk som resultat av "social intercourse between the two areas" (s. 24), mens den siste svarte med at alle desse endringane kunne forklarast ved hjelp av "innri einkenni málkerfisins".

Poenget i denne artikkelen blir å vere open for at både indrespråkege krefter og sosial kontakt – både kvar for seg og i samverknad – kan styre språkendringane. Er det så mogleg å komme lenger enn til berre å antyde begge typene krefter? Er det mogleg å sannsynleggjere kva tid den eine eller andre typen er nødvendig, tilstrekkeleg eller overflødig som forklaringsfaktor?

Det er etter kvart utvikla ein del teori innafor det vi kan kalle historisk sosiolingvistik; utfordringa vår no er å presisere teorien meir og sannsynleggjere detaljane ved å overprøve dei mot tilgjengeleg språkhistorisk kunnskap.

2. Modellar av språkhistoriske utviklingar

Det er fleire måtar å tenkje seg språkutviklinga på. Somme tolkar endringar i dei ulike språka som resultat av indre styring, dvs. at det finst premisser i språket sjølv for korleis det endrar seg. Når same fenomenet oppstår i fleire av språka, blir det grunnitt med argument om 'felles nordisk artikulasjonsbasis' (eller: "tungestillet og munnlaget", jf. Indrebø 1951: 267), 'naturlegheit', 'predisposisjonar' (Grønvik 1998: 77 og Haugen 1970: 54), 'skjulte tendensar' (Larsen 1896: 8) eller 'universelle parameter' (Nordgård & Åfarli 1990: 105–112).


Peter Trudgill (1999) har studert utviklinga av New Zealand-engelsk, som ein kan tenkje seg representerer ein parallell språkleg og sosial situasjon med ein koloni av tilflyttarar med gjensidig forstålege engelske dialektar. Trudgill kjem til den hovudkonklusjonen at situasjonen "comprises the process of levelling, which involves the loss of linguistically marked and demographically minority variants" (s. 197), og enda meir slåande er det at

"the second stage of the new-dialect formation process typically involves freedom for new and hitherto unknown combinations of linguistic features to be developed; much greater than usual intra-speaker variability; and very much greater than usual inter-speaker variability." (S. 205).

Slike studiar i historisk sosiolingvistik frå nyare tid skulle vise tydeleg at teoriar om artikulasjonsbase o.l. har lite for seg.

Ein alternativ teori byggjer på idéen om at språkendingar skjer ved kontakt, som ligg bak f.eks. den gamle bølgeteorien (Schmidt 1872) der endringar spreier seg utover frå eitt eller fleire sentrum.

Er ein oppteken av å vise språkslektskap eller språklikskap, kan ein teikne ein slik modell av vestnordisk:



(1) Vestnordisk stamtre

Her er vi opptekne av likskapar og forskjellar i utviklingane, og vi kan tenkje oss at islandsk, færøysk og norsk tidleg utvikla seg noko ulikt, ikkje minst pga. at islandsk og færøysk var nye samfunn med innbyggjarar som var komne frå ulike delar av Skandinavia og vesterhavsoyane, og dermed hadde med seg litt ulike dialektar. Blandingsspråket islandsk var skapt av 42 % innflyttarar med sørvestnorsk dialekt, 42 % med andre norske dialektar og 16 % med svensk og dansk. (Desse tala byggjer på opplysningane i *Landnáma*, og innflyttarane frå vesterhavsoyane er ikkje skilde ut som eigen kategori.¹) Dei to nybyggjarsamfunna var språklege smeltegryter, som gjerne er prega av ein del raske endringstendensar før dei stabiliserer seg som homogene språk (jf. Sandøy 1985: 250f., Sandve 1976, Omdal 1977). Slikt blir òg omtalt som *kolonimål* (Bandle 1997: 12, Trudgill 1999). I ei slik smeltegryte ville neppe spesielle vestnorske allofonar overleve i 300-400 år for så brått å bli årsak til nyutviklingar som skulle vere parallelle med dei heime i Noreg på same tid. Etter ein stabiliseringsfase, som bruker å ta sirka tre generasjonar i norske industristader, skulle det vere skapt ein einskapleg islandsk og ein einskapleg færøysk kring 900. Etter dette ser ein så at dei tre språka får ein del fellesutviklingar. For islandsk gjeld det særleg på 1200- og 1300-talet, for kring 1400 tek det språket sine eigne vegar. Færøysk og norsk følgjest åt fram til sirka 1600. Desse grove språkhistoriske linjene er det som skal komme fram i den vidare framstillinga nedafor.

Konklusjonen i denne artikkelen vil bli at det må ha vore større kontakt mellom Noreg og Færøyane enn det er vanleg å rekne med blant språkvetarar (Hreinn Benediktsson 1962, Grønvik 1998: 77, Torp 2000: 420ff.). (Det må nemnast her at Stefán Karlsson i arbeida sine (f.eks. 1989: 18) er open for påverknad frå norsk på islandsk.) For å gjere det tydeleg kvar slike ytre krefter *må* ha spela ei rolle, skal eg i strukturtesten i seksjonane 4.2. og 4.3. gå nokså langt i å “reindyke” dei språklege premissane for på den måten å vise i kva tilfelle dei aleine gir tilstrekkeleg forklaring på fenomenane, og i kva ikkje. Slik kan ein få presist fram korleis dei ytre

kreftene må vere årsak til observerte endringar – aleine eller i samspel med dei indre. Den presise diskusjonen om nødvendige og tilstrekkelege vilkår er i dag lettast å føre for dei indrespråklege faktorane. Der er teoriane best utvikla. Men først skal vi sjå nærare på korleis vi kan forstå premissane for språkending.

3. Vilkår for innovasjonar, endring og spreiding

3.1. Labiliteten

I praksis er ikkje artikulasjonen vår heilt presis. For det første er det neppe mogleg å produsere to eksemplar av eit og same fonem slik at dei akustisk sett er heilt like i f.eks. formantforsterkingane. For det andre hoppar vi ofte over lydar, stavingar og ord når vi snakkar raskt og samanhengande. (Det siste vil den lett kunne stadfeste som har prøvd å transkribere frå lydband.) Men denne manglande presisjonen legg vi lite merke til både som lyttarar og talarar, for i dei gitte samtalsituasjonane er partane innstilte på å forstå kvarandre; konsentrasjonen går med til å oppfatte innhaldet, og dermed legg dei “godviljen” til for å gripe det. Derfor er vi svært tolerante overfor fonetisk “slurv”. Dessutan er dei akustiske signala berre éi av fleire kjelder vi bruker til å forstå.

Med utgangspunkt i ei slik fonetisk innsikt i variasjonen kan vi lett forstå at det levande språket inneheld ein god del “feilsnakkingar” som kan bli utgangspunktet for språkendingar.

3.2. Innovasjonen

I praksis er det temmeleg umogleg å slå fast *kven* som stod bak første tilfellet av eit nytt uttaledrag, *kvar* og *kva tid*. Men teoretisk sett skulle det vere mogleg ved endringar der det er tale om absolutte forskjellar (som f.eks. frå fremre til bakre *r*). Teoretisk sett er det nyttig å tenkje seg ein “innovatør”, personen P_1 , og eit førstetilfelle, T_1 , når vi skal prøve å beskrive og forstå den historiske prosessen som ei språkending er. Ei språkending startar som ein *individuell innovasjon* ved at P_1 uttalar ein lyd eller ei ending på ein ny måte, eller formulerer ein konstruksjon på ei ny vis, og ved at P_1 brukar dette nye draget fleire gonger. P_1 kan få korreksjonar slik at han kvittar seg med feilen og stabiliserer seg på “normalen” N igjen. Det er ein “mislykka” innovasjon. Er ikkje korreksjonane sterke nok, kan repetisjonen skje oftare og oftare slik at det blir ein *individuell vane*:

(2) “Vellykka” innovasjon

$N N N N N T_1 N N N N T_2 N N N T_3 N N T_4 N T_5 N T_6 N T_7 T_8 N T_9 T_{10} T_{11} \dots T_n$

Spørsmålet her blir kva som gjer at P_1 legg seg til den nye vanen. Ein språkvane kan botne i ei “feillæring”, dvs. at personen ikkje har lært godt nok den tradisjonelle kollektive norma, fordi han ikkje har oppfatta eller akseptert korrektiva frå språksamfunnet. P_1 har nemleg ingen forbilde for dette nye draget. Språklæringa dreiar seg hos kvart individ om å etablere ein grammatisk struktur, og den må P_1 abstrahere frå språket som han eller ho hører rundt seg. Da kan det oppstå feilsystematisering (f.eks. preteritumsforma *mast* for *mista*) eller “oversystematisering” (f.eks. *gådde* for *gjekk*). I fonologien finst det dessutan innebygde tendensar eller føringar for kva som er “naturlege” utviklingar: Av fysiologiske grunnar er det f.eks. lettare å uttale bakre vokalar som runda og fremre som urunda enn å uttale bakre vokalar som urunda og fremre som runda. Dette gjer at bakre urunda og fremre runda vokalar er sjeldnare i språka i verda, og det ligg alltid latent ein tendens til å “fjerne” frå språket slike “mindre naturlege” lydar. Vi kan altså rekne med at det blant alle feilsnakkingane våre er fleire tilfelle av at *y* blir uttalt som *i*, enn av at *i* blir uttalt som *y*. Dermed vil det alltid finnast ansatsar til avrunding av *y* hos P_1 . I Noreg er slike ansatsar eller tendensar jamt over blitt

korrigererte før dei har spreidd seg. På Island og Færøyane har dette gått annleis.

3.3. Endring

At eit enkeltindivid har lagt seg til ein språkleg ny vane, er ikkje i seg sjølv noka språk- eller dialektendring, for innovasjonen kan stoppe der. Fenomenet blir isolert og individuelt, som ein "talefeil". Slik har f.eks. skarre-r funnest mangstad i Noreg hos enkeltindivid utan å spreie seg til andre.

Endringsprosessen begynner når P_2 , altså eit anna individ, tek etter vanen åt P_1 . P_2 tilpassar seg altså P_1 av ein eller annan grunn. Har to personar den nye språkvanen, blir det enda lettare for P_3 å tilpasse seg også, og deretter P_4 , P_5 osv. Dermed er ein endringsprosess i gang, som i siste omgang kan føre til at alle *i gruppa* og til sist språksamfunnet tek over den nye språkvanen:

(3) Språkendring i gruppa

innovasjon hos $P_1 \rightarrow$ tilpassing hos $P_2 \rightarrow$ tilpassing hos $P_3 \rightarrow$ tilpassing hos $P_4 \rightarrow$ tilpassing hos $P_5 \rightarrow \dots \rightarrow P_n$

Kva må eller kan så føresetnadene vere hos P_2 for at han eller ho skal ta etter P_1 ? Vi kan tenkje oss at P_2 tek etter P_1 fordi han/ho

- a) opplever dei same språkssystematiske preferansane som P_1 og såleis har same latente tendensane. Ved no å oppleve at ein annan person "slepper laus" tendensane, kan også P_2 lettare gjere det. (Det er lettare å vere to om noko!)

Dette vil seie at dei språkinterne faktorane betyr noko for P_2 òg, men i tillegg kan dét komme at P_2 har sosiale eller sosialpsykologiske motiv for å vere lik P_1 . P_2 kan tilpasse seg

- b) for å vise sympati,
- c) for å auke sin eigen status ved å gjere seg lik P_1 , eller
- d) for å forme ein formålstenleg gruppeidentitet.

Det siste motivet kan ikkje stå så sterkt ettersom P_1 er ein avvikar i forhold til dei kollektive normene.

Føresetnadane hos personen P_3 liknar på dei hos P_2 , men det ikkje-språklege motivet om å etterlikne eller tilpasse seg, kan vere sterkare, for nå er det to personar å etterlikne. For P_4 er det tre personar, for P_5 er det fire, osv. Det vil seie at poenget i d) om ei gruppedanning av $P_1 \dots P_n$ kan bli viktigare di lenger ein kjem ut i rekkja av P -ar, og da kan ønsket om å markere ein sosial identitet skunde sterkt på den vidare prosessen. Endringa kan skyte fart. For eksempel kan ungdomsgrupper ha ei kollektiv norm som vik av frå norma i det større samfunnet; som særgruppe kan det nettopp vere eit poeng å ha avvikande normer som fungerer som gruppemarkørar. I slike situasjonar tilfredsstiller ein innovasjon eit sosialt behov i gruppa, og dét gir da endringa ein ekstra tilskuv.

Ein vanleg modell for denne endringsprosessen innafor eit språksamfunn er ei S-kurve (Chambers & Trudgill 1980: 179), ettersom ei endring normalt går sakte frå individ til individ i førstninga, så skyt ho fart og fleirtalet tek over det nye draget, men så sakkart farten av mot slutten att, for dei siste held lenge fast på den gamle språkvanen. Dermed får kurva noko som liknar ei S-form.

På eit eller anna punkt på aksen mellom P_1 og P_n (der $n =$ alle i språksamfunnet), blir den nye språkvanen oppfatta som den kollektive språknorma. For ein ny språkbrukar betyr det at denne språkvanen ikkje lenger er berre ein av fleire moglege, han er blitt den språkvanen ein *skal* bruke i det samfunnet – eller kanskje heller: den språkvanen ein oppfattar og trur at ein skal bruke for å bli rekna som ein del av dette språksamfunnet. Poenget her er at det er ikkje lenger ei individuell tilpassing etter eit eller fleire andre individ, men tilpassing til ei *kollektiv norm*.


Med å bryte ned ein endringsprosess i slike enkeltdelar blir det altså mogleg å sjå korleis både språklege og sosiale motiv kan spele inn, men med ulik styrke alt etter kor langt ut i prosessen ein er kommen. Det språklege er sterkast ved innovasjonen, mens dei sosiale truleg tek over lenger uti sjølve endringa. Det er altså ingen grunn til å vere verken fundamentalistisk strukturlingvist eller sosiolingvist!

Når ein prosess er gjennomført og vellykka, er det vanskeleg å seie kva som har avgjort prosessen, anna enn at det er tale om ein kombinasjon av ytre og indre krefter. (Det skal vi også sjå litt nærare på nedafor.) Men vi kan leggje merke til at *kva* innovasjonane går på språkleg, er sosialt sett heilt tilfeldig. Det kan også seiast på den måten at det er sosialt forståeleg at ei ungdomsgruppe tek opp eit språkleg særdrag; men at innovasjonen konkret kjem til å dreie seg om $ll > dl$, kan ikkje forståast sosialt. Derimot er det språkleg sett ikkje heilt tilfeldig kva som skjer med f.eks. ll når det først skjer. Berre visse alternativ er moglege, ikkje f.eks. ein overgang til pp !

3.4. Spreiing

I denne beskrivinga har vi hittil tenkt berre på endringa innafor eit språksamfunn, der vi kan forstå endringa som ein prosess frå det individuelle til det kollektive. Men eit språkdrag kan også hoppe over til eit anna språksamfunn; da kan vi tale om (*geografisk*) spreiiing. Med å skilje mellom *endringsprosessen* innafor eit språksamfunn og *spreiingsprosessen* mellom språksamfunn kan vi halde fast på at endringa gjeld først og fremst i den sosiale dimensjonen innafor enkeltsamfunna, dvs. som stadig aukande tilslutning frå kollektivet. I kvart språksamfunn startar prosessen på nytt:

(4) Spreiing mellom språksamfunn



Når eit nytt språkdrag blir planta over i eit nytt språksamfunn, er den første brukaren der å sjå på som P_1 , altså innovatør. Hans språk er eit produkt av eit anna miljø og språksamfunn, og derfor er det ikkje like interessant å diskutere dei internspråklege motiva som ved innovasjonen nemnd ovafor. Men P_2 er i same situasjonen som i modellen i (3), og dermed mottakeleg for påverknad ved å ha P_1 som forbilde. Utviklinga vidare går gjennom ei S-kurve til P_n (=alle) innafor kvart samfunn. Det vil seie at krafta som ligg først i motstanden frå den kollektive norma mot ein endringstendens og så krafta i det å ha teke over som den kollektive norma, gjeld innafor kvart språksamfunn, men ikkje mellom språksamfunna.

I konkrete tilfelle kan det vere fleire innflyttarar (dvs. P_1 -ar), men det endrar ikkje på poenget i modellen. Ein kan heller seie at ein da får raskt på plass fleire av dei tidlege P-ane, og prosessen er brått kommen langt fram.

4. Språkstrukturelle faktorar

4.1. Endringar felles for alle dei tre språka

Etter å ha gått så nær innpå detaljane i endrings- og spreiiingsprosessen ser vi at det teoretisk sett er rom for både språkstrukturelle faktorar og kontaktfaktorar i forklaringane på endringar.

På denne bakgrunnen kan vi begynne å vurdere konkrete språkdrag. Her er ei oversikt over ein del språkendingar som er slåande like i dei tre vestnordiske språka:

<i>Hundretal</i>	<i>Islandsk</i>	<i>Færøysk</i>	<i>Sørvestnorsk.</i>
1100-talet	vokalending framom <i>ng/nk</i> og <i>l+K</i>	vokalending framom <i>l+K</i>	vokalending framom <i>ng/nk</i> og <i>l+K</i>
1200-talet	$\acute{o} + \acute{a} > \acute{o}$ <i>fl, fn > bl, bn</i>	$\acute{o} + \acute{a} > \acute{o}$	$\acute{o} + \acute{a} > \acute{o}$ <i>fl, fn > bl, bn</i>
1300-talet	<i>ll, rl > dl</i> <i>nn, rn > dn</i>	<i>ll, rl > dl</i> <i>nn, rn > dn</i> vokalending framom <i>ng, nk</i>	<i>ll, rl > dl</i> <i>nn, rn > dn</i>

(5) *Vestnordiske endringar før reformasjonen*
(K= konsonant)

Litt overdrive kan vi seie at det her går fleire hundreår etter landnåmet på Færøyane og Island utan at noko skjer, så begynner fleire sams lydovergangar i alle tre språka på 1100-, 1200- og 1300-talet, og deretter stoppar det att.

4.2. *Overprøving i det strukturelle perspektivet*

I diskusjonane om dei vestnordiske språkendingane har drøftingane vore svært lite konkrete om korleis dei strukturelle faktorane skal forklare dei ymse sidene ved endringane. Dermed får utsegnene litt preg av å vere reine kredo. Hreinn Benediktsson nøyer seg med ei generell førestelling om "innri einkenni" og seier ikkje noko konkret om kva dei indre særdraga skulle vere. Det minner om den såkalla felles artikulasjonsbasisen, det diffuse omgrepet som f.eks. Indrebø refererte til. Einar Haugen legg seg i ein artikkel frå 1970 på linje med Hreinn og meiner han kan vise til at "there was a predisposition towards the innovation in Old or Common Scandinavian, usually in the form of an allophonic split" (s. 54). Dette er det mest presise og konkrete som er sagt teoretisk om den indrestrukturelle forklaringsmåten når det gjeld vestnordisk. (Også Otto Höfler (1955–56) diskuterer spørsmålet berre generelt i samband med sin "Entfaltungstheorie".)

Vi kan tenkje oss at den strukturelle styringa kan forklare tre sider ved språkendingane:

a) På eit eller anna punkt i språkstrukturen kan det vere eitkvart som er så 'ugunstig' eller 'unaturleg' at det ligg eit innebygd press etter å oppnå ein meir optimal struktur. Dette 'unaturlege' kan gjelde økonomi i systemet, parallellitet, universell naturlegheit, enkelheit osv. Desse indre kreftene kan drøftast langt og lenge, men det skal vi ikkje her. Vi kan berre vise til litteraturen i historisk lingvistikk, som oftast har dette som tema. Eg berre godtek no at det finst visse preferansar innafor språkstrukturen, som kan skape eit press til *at* det skal komme ei endring.

b) Når ein struktur er blitt uheldig på eit eller anna punkt, f.eks. når ein fonetisk forskjell er blitt for liten, treng ikkje ei endring gå i same retninga over alt. Er det viktige å halde på ein distinksjon, kan den ofte haldast oppe på fleire måtar. Derfor kan vi rekne det som eit tilleggsmoment at strukturen somtid også kan gi preferanse for *kva retning den fonologiske, morfologiske eller syntaktiske endringa skal gå i*. I slike tilfelle treng ein sjølvsagt ikkje ei ytre forklaring på at utviklingane blir like på fleire stader.

c) Strukturen kan også skape vilkår for *kva tid ei endring kan skje*. Ofte må ei viss utvikling skje før ei anna kan komme i gang pga. strukturell avhengigheit.

Denne tilnæringsmåten kan brukast som i figuren i (6) når vi lurar på korleis endringar blir utløyste på same tida i tre isolerte samfunn, og korleis endringane kan gi same fonologiske resultatet. Tabellen i (6) illustrerer resultatata av godvillige tolkingar til fordel for strukturstyring av endringane. Plussteiknet viser kvar ein kan finne ei indrespråkleg forklaring.

<i>Endring</i>	<i>a) Same strukturelle presset for endringa</i>	<i>b) Strukturell preferanse for same fonetiske løysinga</i>	<i>c) Strukturelle argument for same tida for endringa</i>
1) Diftongering/ vokallågning	+		
2) Differensiasjon av <i>rn</i> , <i>rl</i>	+	÷	÷
3) Segmentasjon av <i>ll</i>	+	÷	+
4) Segmentasjon av <i>nm</i> etter lang vokal	÷	÷	÷

(6) Test på strukturforklaringane

Tabellen kan forklarast slik:

1) Diftongering av lange vokalar (som i f.eks. *bók* > [bɔʊ:k]) eller lågning av korte (som i *vit* > [vi:t] eller [ve:t]) er gjerne ei endring som skjer når lang- og kortvokalar står i fare for å falle saman, som ved ei kvantitetsomlegging. Det strukturelle presset ligg i behovet for å halde oppe ein distinksjon (jf. +-teiknet i a). Dette viser seg å vere ein nokså allmenn tendens i fonologien, men løysingane eller retninga i utviklinga kan vere ulike. Også i dei vestnordiske språka er dei konkrete endringane forskjellige, og dei har ikkje skjedd så samtidig – i den grad vi veit noko om det – at det er grunn til å framheve dét. Derfor er rutene for b og c ikkje utfylte ovafor.

2) Ein kan også seie at det ligg eit strukturelt press til å skape større fonologisk kontrast i konsonantsamband av så sonore konsonantar som likvid + nasal (som i *barn* og *karl* > [bad̥, kad̥] i norsk og > [bad̥, kad̥] i færøysk og islandsk). Det oppnår ein med ein slik differensiasjon. Men det var ikkje opplagt at endringa måtte ta denne same retninga (som ho faktisk gjorde), og aller minst var det noko strukturelt som tilseier at differensiasjonen måtte skje på eit gitt og altså same tidspunkt (som ho faktisk gjorde), for det lite optimale ved eit samband av likvid + nasal hadde vore gyldig i uminnelege tider før, og språket har også andre slike segmentkombinasjonar med liten sonoritetskontrast. Derfor står det altså ein + og to ÷-ar i tabellen ved denne endringa.

3) Segmentasjonen kan tolkast i samanheng med ein meir allmenn tendens til å erstatte kvantitetsforskjellar med kvalitetsforskjellar. Til vanleg reknar ein kvantitetsomlegginga som mest aktuell for vokalendringane, men vi kan også sjå på utviklingane der *kalla* blir til *kadla* eller [kaʎe] – dvs. ved segmentering eller palatalisering – som ein strategi for å halde oppe fonologiske distinksjonar. (Jamfør òg Sandøy 1994, 1998.) Her ser vi altså at det finst to ulike løysingar på det nordiske området, og det er vanskeleg å peike på nokon strukturell preferanse for den eine eller andre. Likevel er den eine løysinga med segmentasjon felles for sørvestnorsk, islandsk og færøysk. Denne fellesskapen finst det inga god forklaring på, og derfor står ÷ i tabellen. Derimot kan ein seie at dei strukturelle vilkåra for at eitkvart skulle skje, var like for dei tre språka ved at dei hadde ein stavingsstruktur der vokalisme og konsonantisme var svært uavhengige av kvarandre både i kvantitet og kvalitet. Det er nokså utbreidd at slike språk får omleggingar til mønster der kvalitet viser syntagmatiske mønster. (Slike mønster er til støtte

for kognisjonen vår.) Dermed kan vi setje pluss i kolonne c for strukturell styring av tidspunktet.

4) Når vi så kjem til segmentasjonen av lang n , er det uråd å sjå at det indrestrukturelle kan gi noka forklaring. Denne utviklinga er svært spesiell, og det er vanskeleg å sjå noko 'naturleg' i henne. Hadde endringa gått den vegen som ho gjer i Ytre Hordaland og mye av norn (Barnes 1998: 17, 20 og 44f.), nemleg at alle lange n -ar blir segmenterte til dn , ville endringa vere like indrespråkleg som segmentasjonen av lang l . Der heiter det nemleg *kadna* av eldre *kanna*, som ein parallell til *kadla* av eldre *kalla*. Slik er det altså ikkje i islandsk, færøysk og stordelen av sørvestnorsk. Det som er felles for segmentasjonen i alle desse tre språka, er

- 1) at vokalismen framom må vere lang, og
- 2) at konsonantismen må involvere ei morfemgrense.

Derfor går ikkje *kanna* over til *kadna* i dette området. Denne endringa er så spesiell at vi neppe kan gi ei strukturell forklaring på *at* det skjer ei endring i tre uavhengige språk, at utviklinga tek *same retninga*, og at endringa skjer til *same tida* i alle tre språka. Dermed blir det ståande minus i alle tre kolonnane. Det strukturelt spesielle ved denne endringa kan illustrerast og forklarast grundigare:

Det er nokre småe variasjonar i denne overgangen: Regelen for endringa kan stillast opp i tre former som i (7) (der + representerer ei morfemgrense, V = kort vokal, V: = lang vokal, DIFT = diftong):

(7) Reglar for vestnordisk n -segmentasjon

- A. Islandsk: $V:n+n > Vdn$
- B. Det meste av færøysk: $DIFTn+n$ eller $DIFT+nn > DIFTdn$
- C. Suðuroy og sørvestnorsk: $V:n+n$ eller $V:+nn > Vdn$

I meir prosaform betyr dette at islandsk krev at morfemgrensa går inne i den lange n -en, dermed blir *stein+n* til [st̥eɪdn̥] i nominativ, men i dativ femininum blir f.eks. *á+nni* 'elva' til [aʊn̥ɪ] fordi morfemgrensa går framom den lange n -en. Etter regelen for norsk og færøysk kan grensa gå både inni n -en og framom n -en; derfor får ein *stein+n* > [staidn̥] i norsk, *sein+ni* > [saidne] i færøysk, og *ey+nni* > [øidne, øidne] i norsk og færøysk. Det meste av færøysk avgrensar slike overgangar til ord med diftong, dvs. at *ey+nni* blir til [øidne], men *á+nni* held seg som [ɔn̥e]. Eit slikt skilje mellom monoftong og diftong spelar inga rolle i suðuroyarmál, islandsk og sørvestnorsk. Eksempel på desse endringane står i tabell 12.²

(8) Eksempel på vestnordisk n -segmentasjon

Struktur:	Vnn	V:n+n	DIFTn+n	V:+nn	DIFT+nn
Norrønt	<i>kann+a</i>	<i>hún+n</i>	<i>sein+ni</i>	<i>á+nni</i>	<i>ey+nni</i>
Sørvestnorsk:	<i>kanna</i>	<i>h̥u:dn̥</i>		<i>ɔdne</i>	<i>øidne</i>
Suðuroy:	<i>kanna</i>		<i>saidne</i>	<i>ɔdne</i>	<i>øidne</i>
Færøysk elles:	<i>kanna</i>		<i>saidne</i>	<i>ɔnne</i>	<i>øidne</i>
Islandsk:	<i>kanna</i>	<i>hucdn̥</i>	<i>seidnI</i>	<i>aunnI</i>	<i>einnI</i>

Etter å ha innsett at det er så lite strukturell styring i denne lydlege endringa, er det grunn for strukturlingvisten å resignere, og sosiolingvisten kan få høve til å leite etter ei kontaktforklaring på utbreiinga og tidspunktet. Nedafor skal vi komme tilbake til akkurat det. Sjølvve innovasjonen blir nok verande ei gåte også for sosiolingvisten. (Og det er det vanlege.)

Det finst også drag utafør fonologien som er felles utviklingar for dei tre språka etter landnåmstida, og eg skal her berre nemne nokre heilt kort:

- refleksivendinga *-st* (som fanst før 1200 i gammalnorsk) (Ottósson 1992).
- samanlikningskonjunksjonen blir teken i bruk som relativpronomen (jf. *som* i norsk, *sum* i færøysk, *sem* i islandsk),
- samanfall av dualis og pluralis i pronomena (sirka 1300 i gammalnorsk),
- *sá* blir brukt som bestemt artikkel,
- *fara* blir teke i bruk i inkoativkonstruksjonar (Holm 1958),
- og dessutan ei mengd importord (Westergård-Nielsen 1946).

Også desse draga kunne i prinsippet analyserast, og dermed kunne vi vurdere kor tilfredsstillande reine strukturforklaringar er.

4.3. Norsk-færøyske endringar

Ikkje alle endringane omfatta alle tre vestnordiske språka. Ønskjer ein å framheve kontakt som faktor i endringane, vil nettopp større likskap mellom to nærliggjande språk enn mellom to fjernareliggjande vere sannsynleg. Er endringane styrte av språkstrukturen, er det ikkje noko som talar for eit slikt geografisk mønster.

Faktum her er at færøysk og norsk, særleg vestnorsk, har fått mange fleire like språkdrag enn dei tre vestnordiske samla, og vi skal her overprøve eller drøfte nokre av dei på tilsvarende måte som ovafor.

1) *Reparasjon av preteritums morfemet*. Da norsk og færøysk miste *ð*-fonemet, blei preteritumsformene ofte mindre tydelege. Dermed oppstod eit behov (= 'press') for å reparere preteritums morfemet i ein del tilfelle. Det har skjedd på noko ulik måte i dei to språka. For eksempel er preteritum av *spyrja* blitt til *spurde* med *d* i færøysk, mens vestnorsk har *spore* utan 'reparasjon'. Her er det ikkje direkte samanfall mellom nokon former, og dermed fungerer forma utan konsonant i allomorfen i norsk. Færøysk har altså trass i same situasjonen forsterka preteritumsmarkeringa.

Men færøysk har følgt same funksjonelle 'minimumsprinsippet' som norsk i f.eks.

- (9) *deyja* – *dey/deyr* – **deyði* – **deyð³* > *doyggja* – *doyggi/doyrt/doyr* – *doyði* – *doyð*
búa – *bý/býr* – *búði* – *búð* > *búgva* – *búgvi/býrt/býr* – *búði* – *búð*

På grunn av skjerpinga i infinitiv og presens er forskjellen på presens og preteritum stor nok i desse verba, sjølv om preteritumsformene utan konsonant i endinga (dvs. i uttalen [dɔy:ə, bʊu:wə]) ikkje gir særleg gjennomsliktig morfologi.

I verba som ikkje får skjerping, bruker færøysk reparasjonsprinsippet, likeins som norsk, for elles ville ikkje bøyinga i 1. person fungere etter *ð*-bortfallet:

- (10) *eg nái* og *eg *náði* > **nái*

Derfor får færøysk *náddi* i preteritum.

Norsk (og svensk) fekk same *dde*-forma utan at reparasjon var nødvendig i dei enkelte verba; men generaliseringa med å bruke alveolar i suffikset aukar sjølv sagt gjennomsligheita i ein heil klasse. Den nye bøyinga blei innført i norsk faktisk så tidleg som før svartedauden (Indrebø 1951: 228). Da var dei morfologiske reparasjonane og forbetringane alt i gang pga. *ð*-bortfallet der. For å gjere formene meir morfologisk gjennomsligte er den nye endinga *-dde* innført allstad der verbet sluttar på trykktung rotvokal, altså både *budde* og *nådde*. Fonotaktisk var kort *d* umogleg intervokalisk, derfor kom lang *d* i denne endinga etter stammevokal. Men

vi kunne jo teoretisk sett også ha brukt den danske måten – dvs. med å føye til det gamle suffikset *-aði*: **náaði*, som etter *ð*-bortfallet i norsk i praksis ville gi **náa*, jf. *kasta*. Tilsvarande form i færøysk ville blitt **náaði* [nɔːajɪ]. Men det skjedde ikkje.

Her er altså ein del likskap i reparasjonane og forbetringane. Men reparasjonsmåtene var nokså naturlege innom kvart språk, for dei rimelege alternativa var berre *-aði/-a* og *-ddi*. Likt val i færøysk, norsk og svensk er derfor ikkje heilt overraskande. Gjennomføringa i dei ymse klassane er elles noko ulik i færøysk og norsk/svensk, for ho er avhengig av dei strukturelle premissane i kvart språk (jf. *doyði* mot *náddi*). Strukturen må såleis her vere ei nødvendig delforklaring. Dermed set vi i figuren i (21) nedafor pluss for strukturpress bak både endringa og den fonetiske løysinga. Kontakt og påverknad er sjølv sagt mogleg, men slettes ikkje nødvendig i forklaringa.

2) *hesin* – *hasin*. Færøysk gjer forskjell på dei peikande pronomena (determinativa) etter om dei refererer til noko nær ved eller fjernt frå den talande, på liknande måte som *this* og *that* på engelsk: *Hetta húsið* og *hatta húsið*. Dei færøyske formene er i nominativ eintal og fleirtal slik:

(11) *Peikande pronomenen i færøysk*

	Eintal			Fleirtal		
	m.	f.	n.	m.	f.	n.
nær:	<i>hesin</i>	<i>henda(n)</i>	<i>hetta(r)</i>	<i>hesir</i>	<i>hesar</i>	<i>hesi</i>
fjern:	<i>hasin</i>	<i>handan(n)</i>	<i>hatta(r)</i>	<i>hasir</i>	<i>hasar</i>	<i>hasi</i>

Eit tilsvarande system har stått sterkt i talemålet på store delar av Vestlandet, Nordmøre og Trøndelag, Helgeland, Telemark (Aasen 1848: 163 [§ 258]). Det finst også i Salten (Brekke 2000: 95), i Hallingdal (Venås 1977: 133f.) og på Toten (Faarlund 2000: 54f.). Vanlege former i norsk er:

(12) *Peikande pronomenen i norsk*

	m. & f.	n.	flt.
nær:	<i>denne</i>	<i>dette</i>	<i>desse</i>
fjern:	<i>danna</i>	<i>datta</i>	<i>dassa</i> ⁴

Overgangane *p > h* i færøysk og *p > d* i norsk blir rekna for lydrette i desse pronomena. Dermed blir både formlikskapen og likskapen i funksjon mellom det færøysk og det norske systemet for store til å vere tilfeldige, og vi kan neppe seie det finst noko klårt strukturelt press for dette deiktiske skiljet, heller ikkje nokon preferanse for forma som desse pronomena/determinativa skulle få.⁵ Dermed er det igjen svært sannsynleg med kontakt som forklaring på likskapen. Derfor set vi to minusteikn i tabellen for dette fenomenet, jf. figuren i (21).

3) *Supinumattraksjon*. Fenomenet kan illustrerast i norsk og færøysk slik:

(13) *Supinumattraksjonar*

Færøysk

- Tað hevði verið so stuttligt at sloppið at hildið um eina gentu einaferð. (Brú 1979: 27.)
- Hon hevði hugsað bara um eitt, at sloppið at smakkað á jólakøurnar.

Norsk

- Å kunna følgt henne heim hadde vore draumen hans i lang tid.
- Det kunne vore kjekt å prøvd å hjelpt honom å teke inn dei nye trollgarna.

Når hovudverbalet inneheld ein supinum (dvs. det partisippet som står etter *ha*), kan denne supinumen attrahere supinum i alle infinitta utover i heile setninga der vi elles ville venta infinitiv. Fenomenet er ukjent i islandsk, men derimot finst det i svenske dialektar, i alle fall i Jämtland.⁶

Det er eit nokså stort skandinavisk område som har supinumattraksjon (jf. kart i Sandøy 1991: 254). Når eg har testa slike setningar, ser det ut til at fenomenet er vidast akseptert der setninga uttrykkjer irrealis, som i dei fleste av eksempla ovafor. Her ligg truleg opphavet åt konstruksjonen, dvs. at han var ei erstatning for eldre konjunktiv. For det første forklarar dét korfor islandsk ikkje har fått denne konstruksjonen, for det andre er det utbreidd i både norsk og svensk at supinum er brukt som erstatning for eldre preteritum konjunktiv, og for det tredje finst det også andre studiar (Larsen 1970 og Vannebo 1989) som viser at nettopp i irrealis blir ein del grammatiske distinksjonar oppheva, som f.eks. tempus. I vårt tilfelle er det distinksjonen mellom infinitiv og supinum som blir oppheva, fordi irrealis er i seg sjølv så sterkt markert. Når så konstruksjonen først er utvikla, får han utvida bruksmåte innafør kjerneområdet, som i norsk og færøysk, dvs. at han òg kan brukast utan irrealisinnhald, som i (14) jamført med (13d):

(14) *Supinumattraksjon utan irrealis*

- a. *Norsk*: Vi har prøvd å hjelpt honom å teke inn dei nye trollgarna.
b. *Færøysk*: Og har hava teir altíð roynt at dripið grind.

Skal vi vere like velvillige overfor strukturelle preferansar her som vi var i den historiske fonologien, må vi seie at opphavet med konjunktiverstatning er godt nok til å forklare sjølvstendig opphav i alle språka, jf. avmerkinga i figuren i (21) med + for eit strukturelt press. Men det er likevel påtakeleg at bruken er så sterk og lik i norsk og færøysk, som f.eks. i bruken utafør irrealisfunksjonen. Dessutan er ein restriksjon i bruken lik i dei to måla: Dersom vi ser for oss at dei infinitte formene i setninga dannar ei kjede utover frå hovudverbalet, vil ein infinitiv i kjeda hindre at supinum kan brukast lenger ut til høgre:

(15) *'Supinumkjeda' kan ikkje brytast*

- a. *Det kunne vore kjekt å prøve å hjelpt honom å teke inn dei nye trollgarna.
b. *Vit áttu at samtykt at fara longu í heyst at valt eftir hesum nýggju reglum.

Denne likskapen i form er det tvilsamt om ein kan seie at det er nokon preferanse for.

4) *St-passiv ved infinitiv*. Passiv-konstruksjonane har utvikla seg ein del etter norrønt i dei vestnordiske språka. Felles er det at ingen har passiv med *st*-form av det finitte verbet, jf. dansk: 'Varer udbringes om fredagen' og svensk 'Han begrovs i söndags'. I slike setningar må ein bruke hjelpeverb i dei vestnordiske språka.

(16) *Presens*:

<i>Islandsk</i> :	Hann er skotinn í dag
<i>Færøysk</i> :	Hann verður skotin í dag
<i>Norsk</i> :	Han vert skoten i dag.

Norsk og færøysk kan – med svært få unntak – bruke slik *st*-passiv berre etter dei modale hjelpeverba, det kan ikkje islandsk:

(17) *St-passiv ved modale hjelpeverb:*

Islandsk: Það má skjóta hann

Færøysk: Hann kann skjótast

Norsk: Han kan skytast

Eg kan ikkje sjå at denne restriksjonen for passiv ved *st*-former berre ved modale hjelpeverb har ei strukturell forklaring, dvs. at det skulle vere eit indre tildriv til å utvikle passiv berre her. Dermed bør det vere ope for å leite etter sosial kontakt som forklaring både på at fenomenet finst, og på forma.

5) *Samansette partisipp*. Færøysk har ei mengd samansette partisipp til liks med norsk, men ulikt islandsk og norrønt:

(18) *Samansette partisipp**Færøysk*

Nú er hon ílandkomin

Hann er burturbeindur

Tað er úrhonumgingið

Norsk

No er ho pålandkommen

Han er vekkslengd

Det er uti-(ho)nom-gått

Adverb, preposisjonar og preposisjonsfrasar blir sette til partisippet. Det kan ikkje skje ved supinum: **Hon hevur ílandkomið*.

Islandsk har nokre få tilfelle av samansetningar med partisipp der samansetninga har fått rein adjektivfunksjon, dvs. at dei er ei beskriving av ein tilstand:

(19) *Úthaginn var veruliga sundurgrafinn*

Dersom vi reknar slike adjektiviske samansetningar til det vestnordiske opphavsspråket, kan ein seie at det ligg ein preferanse for å bruke denne forma/løysinga når ein vil utvide bruksområdet, jf. markeringa i figuren i (21). I norsk og færøysk treng ikkje konstruksjonen ha tilstandstyding, han kan òg bli brukt i handlingspassiv:

(20) *Fisken blir opphengd til tørk*

Den sterkt utvida bruken i færøysk og norsk er svært særprega og så spesiell at det må vere sosial kontakt som har gjort han mogleg. Det er i alle fall vanskeleg å finne eit strukturell press til slike konstruksjonar.

(21) *Test på strukturforklaringane*

<i>Endring</i>	<i>a) Same strukturelle presset for endringa</i>	<i>b) Strukturell preferanse for same fonetiske eller formelle løysinga</i>
<i>Morfologi:</i>		
1) <i>náddi, doyði</i>	+	+
2) <i>hesin – hasin</i>	÷	÷
<i>Syntaks:</i>		
3) Supinumattraksjon	+	÷
4) Passiv infinitiv	÷	÷
5) Samansette partisipp	÷	+

Her pressar vi altså forklaringane våre slik at vi prøver så langt råd å rekne fenomen som

resultat av indrespråklege preferansar. Trass i velviljen overfor indrespråklege forklaringar blir vi altså ståande att med fleire fenomen som er markerte med ÷; for dei må dermed kontakt vere ei nærliggjande forklaring.

Tidspunktet for desse endringane har eg ikkje drege inn. Særleg for færøysk veit vi lite om slikt pga. dårleg kjeldegrunnlag. Men for typen *nådde* veit vi at han dukkar opp i norsk alt kring 1300, i færøysk var det ikkje bruk for nokon reparasjon før etter ð-bortfallet på 1500-talet.

Det finst enda nokre fleire likskapar mellom færøysk og norsk, som f.eks.:

- *hl-, hn-, hr-* > *l-, n-, r-*
 - *hv-* blei tidleg til *kv-*
 - *tann/denn* tok over som nominativsform i demonstrativpronomenet,
 - konjunksjonen og relativpronomenet *sem* blei bytt ut med *sum*
 - eigen klasse av verb med blanda bøyning (jf. *brúka – brúkar – brúkti – brúkt* i færøysk)
 - setningsadverbiallet kan stå både før og etter finittet i leddsetningar
 - passivvending ved dativobjekt (jf. *Bussurin bleiv steðgaður* i færøysk)
- (Nokre av desse draga er diskuterte i Sandøy 2001.)

5. Kontaktfaktorar

5.1. Overprøving i kontaktperspektivet

Av framstillinga under seksjon 3 gjekk det fram at språkpåverknad ved kontakt kan skje ved at ein person som alt har språkdraget, kjem inn i den sosiale gruppa eller i språksamfunnet. Denne personen kan ein da sjå på som innovatør, og innovasjonssituasjonar er det mange nok av. Det viktige her er neste steget, nemleg når innovasjonen blir til endring ved at andre i gruppa aksepterer draget. Her krevst spesielle vilkår, gjerne veike sosiale band eller "loose ties" som James Milroy kallar det (Milroy 1992: 195ff.). Da kan bindingane til dei tradisjonelle normene lettare brytast. Slike vilkår finn ein lettast der det finst innflyttingar, dvs. geografisk mobilitet, og der det blir skapt sosial mobilitet som opnar for å realisere nye ønskte identitetar. I vårt tilfelle er det den første typen vi er i stand til å vurdere.

Det er utvikla teori om kva språkleg påverknad som er mogleg ved ulike typar sosial kontakt:

a) Peter Trudgill (1992) gjer eit klårt skilje mellom *korttidsakkommodasjon* og *langtidsakkommodasjon*. Det vesentlege er at ved kontakt over kortare tid kan dei som tilpassar seg eller prøver å lære seg noko nytt, berre greie å gjennomføre forenklingar og ta opp enkle reglar (som kan gjelde f.eks. reine fonemkorrespondansar mellom førstespråket og andrespråket, reglar for leddstilling og fenomen på frasenivå, men ikkje reglar for styring og kongruens), mens ved kontakt over lang tid, kan det bli tale om "perfect learning" også av kompliserte reglar. Klåraste tilfella av slik langtidskontakt er der f.eks. giftarmål gjer at barn frå fødselen av kan få nok inndata frå eitt av foreldra til å lære f.eks. kompliserte syntaktiske og fonologiske reglar. Påverknader i ordforrådet skjer derimot lettare, også ved korttidskontakt.

b) Styrken i kontakten, f.eks. kor mange som flyttar, verkar sjølvstakt inn. Denne styrken betyr mindre for innovasjonen, men jo fleire nye personar som kjem inn i ei gruppe med eit nytt språkdrag, jo lettare er det for andre å ta opp draget, jf. beskrivinga ovafor om at det er lettare for P₅ å tilpasse seg enn for P₄ osv.

c) Mens poenget i a låg på individnivået og b på mesonivået, kan ein på makronivået ta med slikt som skaper vilkår for sosial aksept av nye drag. Her kan det vere tale om status og prestisje i samfunnet og om f.eks. motsetningar i samfunnet gir grunnlag for sterk gruppeidentitet eller ev. sterk opposisjonstrong (jf. om språkleg naboopposisjon i Larsen 1917). Slike forhold veit vi svært lite om når det gjeld eldre tider.

5.2. Sosial kontakt i Vest-Norden

Når vi no har gjort opp det språklege bestikket, kan vi kikke over gjerdet åt historikarane. Da er det interessant å sjå at mens lingvistar har vore opptekne av at islandsk og færøysk har vore isolerte, har historikarane interessert seg for kontaktane. Forfedrane våre hadde stor kontakt, meir enn mange trur. Det ser ein av dei historiske framstillingane, særleg av den nokså detaljerte framstillinga i *Saga Íslands* (Sigurður Línal 1974-90). Hallvard Magerøy (1993) har laga ei oversikt over nordmenn som reiste til Island på grunnlag av ein nøyen kjeldegjennomgang.

Nettopp perioden for dei felles endringane vi har nemnt ovafor, blir i islandsk historie kalla *norska öldin*, altså det norske hundreåret eller norsketida. Ho er nærare fastlagd til tida frå 1260 til 1400, men Gamli sáttmáli frá 1262 hadde jo grunnlaget sitt i stor kontakt i lengre tid mellom Island og Noreg og sterk infiltrasjon på Island frå norskekongen. Vi har færre detaljar frå færøysk historie, men færøysk treng ikkje ha hatt mindre kontakt på same tida. Administrativt stod Færøyane under norskekongen god tid før Island gjorde det.

Historieframstillingane legg vekt på det store handelssamkvemmet mellom Noreg og Island fram til 1400 (Jón Jóhannesson 1958:148). Da blei det slutt, for hansaen og engelskmennene tok over. Det er nemnt at det gikk gjennomsnittlig 10 skip per år kvar veg mellom Noreg og Island i denne tida. Nordmennene kunne vere mange i tal. Knarrane tok ca. 30 mann, og på 1200-talet kom 'búzur' i bruk, og dei tok langt fleire. Dette vil seie at det fanst svært mange og rike nordmenn rundt om på Island. (Helgi Þorláksson 1979:10.) Kanskje 400–500 mann reiste med dei. I 1118 kom heile 35 skip til Island; andre år kunne det vere færre pga. vêret. Dei første hundreåra etter landnámet siglde islendingane sjølve på eigne båtar, men etter år 1000 blei det mindre og etter 1160 svært lite. Dei åtte kort og godt færre og færre båtar. Tidleg på 1200-talet fanst det berre eitt islandsk havgåande skip, det som Snorre Sturluson åtte. Seinare åtte Hólar-bispen det.

Det vil seie at hovudtendensen var at det var nordmenn som dreiv handel, og denne handelen skjedde mest med utgangspunkt i Bergen – dvs. Vestlandet. Det er stundom framheva at Trondheim òg stod for ein del av handelen (Hreinn Benediktsson 1962:161). Men det var neppe like mye. Vi ser f.eks. at dei politiske konfliktane kring rettार på denne handelen fram gjennom hundreåra gjeld aller mest kjøpmennene i Bergen. Og Bergen hadde ei tid monopol på både handel og skatteinnkrevjing. Men same korleis det er, er ikkje sambandet med Trondheim eit direkte motargument mot ev. påverknad frå Vestlandet så lenge det også var kontakt med Bergen.

Handelsmennene kom gjerne igjen år etter år, og dei hadde den tida god tid. Dei var i land i lenge, budde hos familiar nær dei større hamnene, overvintra somtid, og dei skaffa seg kjenningar. Vinteren 1340-41 overvintra 11 norske skip (Björn Þorsteinsson & Bergsteinn Jónsson 1991: 136). Ein hovding ville gjerne ha ein kjøpmann i overvintring hos seg, for det gav økonomiske fordelar og stundom særrettar ved varekjøp. Å kjøpe seg vennskap kan sjå ut til å ha vore viktig den tida. Det fins ein del skildringar særleg frå 1200-talet som kan fortelje nærare om dagleg hopehav mellom reisande nordmenn og islendingar. Dei norske kjøpmennene blanda seg tydelegvis godt med islendingane; dei var f.eks. deltakarar i dei harde interne stridane på 1200-talet og gikk inn i dei ymse hærane. Ari Þorgeirsson møtte i 1164 opp med 30 nordmenn i følgjet sitt på Alltinget, og Snorre Sturluson stilte i 1217 med 80 nordmenn.

Mange nordmenn slo seg til på Island, og somme kjøpmenn gifta seg der. Det gjorde f.eks. både Þórir tottur og Ólafur tottur på 1200-talet. Når det er sagt om Egill Sölmundarson i Reykholt at han var av norsk ætt på farssida, vitnar det òg trulig om eit giftarmål. (Helgi Þorláksson 1979.) Etter 1238 var fleire av bispane på Island nordmenn. På Færøyane var dei fleste bispane norske.

Handelsskipa var òg passasjerbåtar; reisande fikk far med slike båtar. Det var først og fremst islendingane som reiste til Noreg eller via Noreg og vidare ut i Europa. Islendingane

kunne òg ta seg arbeid i Noreg og vere der både vinteren over og i lengre tid, som tilfellet var f.eks. med Árni Ólafsson, som var klerk ei tid tidleg på 1400-talet i Noreg, seinare blei han bisp heime på Island (Björn Þorsteinsson & Guðrún Ása Grímsdóttir 1989: 209). Islendingar spela tidleg ei rolle i det kongelege hoffet i Noreg. Holm-Olsen (1990:105) held òg fram at islendingar arbeidde som skrivarar i Noreg for å skaffe seg inntekter. Slikt er det belegg på (jf. Sigurður Línal 1974:210 ff.). Kanskje gjaldt det òg færøyningane, for i Sørli (1965:18) er det f.eks. rekna med at færøyningen som skreiv *Seyðabrævið* frå ca. 1310, oppheldt seg i Bergen i fleire år.

Eit godt eksempel på reisande islendingar gjeld Þorgils skarði og vennen Bergur. Dei fikk i 1244 far til Bergen, og dei reiste vidare derifrå til storbonden Brynjólfr i Sogn. Denne Brynjólfr hadde vore mye på Island og var godt kjend med m.a. slekta åt Þorgils. Han hadde truleg skip som gjekk i handel der. Faren hadde òg vore kjøpmann. Da Þorgils og Bergur kom til Brynjólfr, var det alt også ein annen islending der, Gunnar skáld. Þorgils blei verande i Noreg i åtte år. (Helgi Þorláksson 1979:8 f.)

Ein interessant forskjell på dei to øysamfunna er at islendingane hadde ingen båtar etter Snorre Sturlusons tid; derfor blei dei avhengige av norske båtar. Færøyningane derimot var tydelegvis aktive sjølve i handelen; såleis handla færøyningen Greipur Ívarsson mellom alle tre landa på slutten av 1300-talet (Debes 1995: 118). Seinare òg ser vi eksempel på færøyningar med egne skip.

På Færøyane fanst det rikfolk som tydeleg ikkje var berre heimfødingar. Det store Húsavíkgodset på Sandoy åtte kring år 1400 to gardar i Bergen, det hadde eigedomar i Rogaland og Sogn og dessutan på Shetland (Debes 1995: 113). Dette føresette at færøyningane reiste og dels flytta att og fram, må ein tru.

Kontakten med Island blei altså dårleg etter 1400 – truleg pga. den økonomiske krisa i Noreg, og da greidde hansaen og engelskmennene å ta over handelen. Det kunne gå år utan norsk kontakt dit i det heile, og det er belagt i rekneskapsbøker at bispesetet i Bergen fekk problem med å hente avgifter det hadde rett på frå eigedomar på Island. Men kontakten mellom Færøyane og Noreg heldt fram etter 1400; han har truleg vore sterk i enda to hundreår, til sirka 1620.

Handelsreisene på Færøyane gjekk først og fremst til og frå Bergen, som var stapelplass og hadde monopol på handelen. Der har det nok funnest ein “koloni” av færøyningar. Absalon Pederson Beyer fortel om fleire færøyningar i Bergen på 1500-talet, og nokre av dei dreiv handel; det gjorde i alle fall to namngitte båteigarar, nemleg Nils Helgason og Magnus Heinason, som begge budde i Bergen og handla på Færøyane i siste halvparten av 1500-talet. Magnus Heinason hadde norske foreldre, men hadde vakse opp på Færøyane. Sonen åt Magnus voks altså opp i Bergen, men flytta derifrå til Færøyane kring 1600 og fekk stor slekt der. Da kan vi undrast: Kva språk snakka slike som Magnus og sonen? Eller for den del Jóan Heinason, bror åt Magnus, som i lang tid var lagmann på Færøyane. Her var det tale om lantidsakkommodasjon.

Vi kan òg ta med at Peder Clausson Friis brukte ein færøyning som informant da han skreiv om øyane; det var ein elev ved latinskolen i Stavanger. Presten Lucas Debes, som kom til Færøyane ikring 1650 – dvs. 30 år etter brottet med Bergen – fortel i boka *Færoæ et Færoa reserata* (1673) at han treffe folk som hugsa at færøyningane sjølve siglde til norskekysten og handla til seg m.a. tømmer der. Det fekk dei faktisk kongsløyve til i 1571. Løyvet mista dei to år etter, men dei har truleg drive med denne siglinga alt før løyvet blei skriftfesta, og kanskje òg etter dei mista det. Og dei hadde altså store nok båtar til dette! Kanskje blei 'tíggjumannafarið' brukt?

Nordmenn slo seg ned på Færøyane. I katolsk tid var dei fleste bispene norske, og etter reformasjonen skal det ha vore fleire norske prestar som fekk kall på Færøyane, ikkje berre Heini Havreki, presten frå 1500-talet som var far åt Magnus og Jóan Heinason. Slike historier kan vise den tette kontakten mellom Noreg og Færøyane. Her kunne det vere tale om

langtidsakkommodasjon.

I 1620 blei det brått slutt, for Færøyane skulle ikkje lenger liggje under Bergen stift, men no Sjælland, og monopolhandelen skulle drivast frå København. Det var frå no av at Færøyane blei effektivt isolerte nokre tiår, og dei opplevde den såkalla Gablatíðin, som var ei lang rekkje med hungersår og kuing.

5.3. Moglege følgjer av den faktisk kontakten

Reisande mellom dei vestnordiske nabolanda fanst det altså mange av. Det er ikkje vanskeleg å tru at kontakten mellom landa ved både reiser, flyttingar og giftarmål har vore så stor at språkdrag kunne spreie seg dersom samfunna elles var sosialt opne for å akseptere kontaktinnovasjonar. Innovasjonane kunne altså lett flytte seg, spørsmålet gjeld om det kunne komme i gang endringar, og kva type endringar som var moglege.

Nordmenn som oppheldt seg på Island i lengre tid, kunne fungere som modellar for enkeltpersonar. Andre som kom der berre for kort tid, hadde neppe stor innverknad pga. at dei berre hadde ei rolle med mellombels funksjon i samfunnet eller gruppa. Viktigare er personar som reiser ut og så kjem heim att etter ei tid. Dei blir 'språkmisjonærar', for å bruke Steinsholts term frå moderne sosiolingvistik (jf. Steinsholt 1964 og 1973). Folk ville sjå opp til dei, og andre i gruppa kunne lettare identifisere seg med dei og 'akkommodere' språket sitt, for språkmisjonæranane hørte allereie til i det lokale miljøet. Islendingar som oppheldt seg i Noreg i lengre tid, kunne tilpasse seg til ein norsk dialekt og seinare bli språkmisjonærar heime. Motsett kunne nordmenn med langt opphald på Island komme heim att med nye språkvanar og bli utgangspunkt for endring og spreiding i Noreg.

Trudgill poengterer at innvikla fonologiske reglar neppe kan lærast ved tilpassing i vaksen alder og ved korttidsakkommodasjon. Trudgill bruker det innvikla eksempelet Canadian Raising sjølv i drøftinga si og meiner at slike endringar berre kan lærast av barn i den tida dei lærer språket på naturleg måte. Det vil seie at dei må ha eit språkleg førebilete i det sosiale nettverket sitt som gir nok inndata til læringsprosessen. Det normale er at dét er foreldra. Konklusjonen på drøftinga vår av $nn > dn$ er parallell: Endringa er så innfløkt at ho føreset langtidsakkommodasjon og helst giftarmål mellom dei tre vestnordiske språksamfunna. Men kontakten mellom dei tre vestnordiske språksamfunna var faktisk stor; det var både flyttingar og giftarmål. Kontakten kan ha vore av den typen at intrikate fenomen kunne lærast av barn ved ein naturleg læringsprosess – slik Trudgill har poengtert. Dei morfologiske og syntaktiske felleseendingane i norsk og færøysk kan òg forklarast med slik intim kontakt, f.eks. pronomenskiljet *hasin–hesin*, *st*-passiv ved infinitiv, og samansette partisipp.

Eit moment som vi kan lett slutte feil om i dag, er prestisjefaktoren eller symbolverdien åt språket i fortida. Vi veit knapt om at det fanst noko slikt før etter reformasjonen i Norden (jf. Sandøy 2000). Språkleg prestisje representerer ei spesiell form for kultur der språkforma blir eit kulturelt objekt. Det kjem med renessansen og nyare statsdanningar. Men meir tidlaus er kanskje tendensen til at personar tilpassar seg dominerande personar i samtalesituasjonen. I dei fleste tilfelle i mellomalderen var nordmennene dominerande. Noreg var handelssenteret, og nordmennene var ofte arbeidsgivarane åt islendingar og færøyingar. Handelsmenn kunne også ha ei sterk rolle ved at dei kunne tilby fordelaktige handlar. Eit dokumentert tilfelle av slik tilpassing er tendensen til at islendingar brukte norsk skrivemåte på 1200- og 1300-talet når dei skreiv bøker for norske oppdragsgivarar (Stefán Karlsson 1989: 40f., Kjartan Ottósson 1992: 173-176), og derfor kan ein finne former som *-st* for *-umst* (1. pers. pres. i mediopassiv), *hand* for *hönd*, *skamm* for *skömm*, *deyði* for *dó* osv. i slike handskrifter.

Intensitetsmønsteret for kontakten mellom dei vestnordiske landa samsvarer godt med tidspunktet for dei aktuelle endringane. Forskjellen i kontakt mellom Noreg og Færøyane på eine sida og Noreg og Island på hi viser òg att i mengda av språklege felleseendingar. Kontakt som årsak til ein del av språkendingane i Vest-Norden skulle dermed vere godtgjord.

For resonnementet her om kontakt som årsak til endringar er det irrelevant kva retning

kontakten gikk i. Hreinn Benediktsson (1962:160) understrekar at segmentasjon og differensiasjon truleg har skjedd før på Island enn i Noreg. I så fall skulle påverknaden ha gått til Noreg. Men tidsavstanden mellom dei dokumenterte endringane er så liten at han ikkje kan tillegast vekt. Viktigast er det at utviklingane skjedde nær på samtidig.

Handelen fram til 1400 blei mest utført av nordmenn. Frå 1302 hadde berre nordmenn lov å handle i vest; islendingane fikk altså ikkje drive handel. Ettersom Noreg var dominerande i kontakten, er det rimelig at påverknaden gikk til Island. Men ein kan ikkje vere absolutt i påstandane på dette punktet.

Det er eit plagsamt motargument at Bergen bymål ikkje har dei særdraga vi her har snakka om. Men til det er det først å seie at før 1200 blei handelen driven mest av storbønder, altså ikkje frå byen. Deretter tok profesjonelle kjøpmenn over. Dessutan var Bergen oppfylt av folk frå mange stader; og islendingane som overvintra, trong ikkje opphalde seg i Bergen. Vi veit ikkje kven i byen som hadde fått utvikla det nye bymålet, og heller ikkje kva tid. I det heile er dei fleste spørsmåla kring opphavet åt Bergen bymål uavklarte (jf. Rindal 1983).

6. Avslutning

Vi skal ikkje gløyme heilt forholdet til islandsk. Vi skulle gjerne hatt meir konkrete kunnskapar om kor stor eller liten kontakt det var mellom Færøyane og Island fram til 1800-talet. Kanskje har ikkje den vore så stor? Språkleg er det slik at dei fleste fellesdraga mellom færøysk og islandsk er arkaismar, og dei treng ikkje kontakt som forklaring.

Vestnordisk gir altså framifrå materiale til diskusjonen av og spekulasjonar om kontakt og isolasjon i språkutviklinga. Eg trur det er så konkrete spørsmål som vi har stilt her, vi må gå til historia med, skal vi sannsynleggjere det eine eller andre. Vi må prøve å rekonstruere kvardagen åt folk for å kunne komme nærare kva som har vore mogleg og umogleg. Det står att utfordrande arbeid på dette feltet. Vi treng å oppdage og kartleggje fleire språkdrag som er felles nyutviklingar, og da må ein vere svært observant på at ein bør leite i dialektane i norsk, ikkje i skriftmåla, for der er mye dialektvariasjon halden ute. Når det gjeld syntaks, trur eg mye står att å finne. På det leksikografiske området er det meste ugjort. Her burde ymse emnefelt ha vore gjennomgått, f.eks. slik Oskar Bandle har gjort i avhandlinga si om husdyrterminologi (Bandle 1967). Lånordstudien åt Verurliði Óskarsson (2001) gir òg grunnlag for vidare arbeid. Slike konkrete analysar kombinerte med innsikter frå moderne sosiolingvistik kan hjelpe oss å forstå og å rekonstruere den språklege fortida vår.

Litteratur

- Bandle, Oskar. 1967. *Studien zur westnordischen Sprachgeographie. Haustieterminologie im Norwegischen, Isländischen und Färöischen.* (A: Textband: Bibliotheca Arnarnagana 28. B. Kartenband: Supplementum 4.) Munksgaard, Kopenhagen.
- Bandle, Oskar. 1997. Islandsk dialektgeografi. Problem og resultat. Úlfar Bragason (red.): *Íslensk málsaga og textafræði* (s. 9-21). Stofnun Sigurðar Nordals, Reykjavík.
- Barnes, Michael P. 1998. *The Norn language of Orkney and Shetland.* The Shetland Times Ltd., Lerwick.
- Björn Þorsteinsson & Bergsteinn Jónsson. 1991. *Íslands saga til okkar daga.* Sögufélagið, Reykjavík.
- Björn Þorsteinsson & Guðrún Ása Grímsdóttir. 1989. "Norska öldin." Sigurður Línal (red.): *Saga Íslands IV* (s. 61-258). Hið íslenska bókmenntafélag & Sögufélagið, Reykjavík.
- Björn Þorsteinsson. 1966. *Ný Íslandssaga: Þjóðveldisöld.* Heimskringla, Reykjavík.
- Brekke, Olga. 2000. *Saltendialekten. En grammatikk.* Skjerstad og Fauske bygdeboknemnd, Fauske.
- Brú, Heðin. 1979. *Føðgar á ferð.* (5. utg.): Thomsen, Tórshavn.
- Chambers, J.K. & Trudgill, Peter. 1980. *Dialectology.* (Cambridge textbooks in linguistics.) Cambridge.
- Chapman, Kenneth G. 1962. *Icelandic-Norwegian linguistic relationships.* Norsk Tidsskrift for Sprogvidenskap. Suppl. bind VIII. Universitetsforlaget, Oslo.
- Debes, Hans Jacob. 1995. *Føroya søga 2. Skattland og len.* Føroya Skúlabókagrunnur, Tórshavn.
- Debes, Lucas. 1673. *Færoæ et færoa reserata. Det er: Færøernis oc færøeske indbyggeris beskrivelse.* Christian Geertsøn, Kjøbenhavn.
- Faarlund, Jan Terje. 2000. *Totemålet.* Østre Toten kommune. Østre Toten.
- Grønvik, Ottar. 1998. *Untersuchungen zur älteren nordischen und germanischen Sprachgeschichte.* (Osloer

- Beiträge zur Germanistik, Bd. 18.) P. Lang, Frankfurt am Main.
- Haugen, Einar. 1970. "The language history of Scandinavia: A profile of problems." Hreinn Benediktsson (red.): *The Nordic languages and modern linguistics* (s. 41–86). Vísindafélag Íslendinga, Reykjavík.
- Heggstad, Leiv. 1932. *Vossemålet*. (Vossabygdene XXII.) Voss sogelag, Voss.
- Helgi Þorláksson. 1979. "Kaupmenn i þjónustu konungs." *Mímir. Blað stúdenta í íslenskum fræðum* 13: 5-12.
- Holm, Gösta. 1958. *Syntaxgeografiska studier över två nordiska verb.* (Skrifter utgivna av Institutionen för nordiska språk vid Uppsala universitet 4.) Uppsala universitet, Uppsala.
- Holm-Olsen, Ludvig. 1990. *Med fjærpenn og pergament: Vår skriftkultur i middelalderen*. Cappelen, Oslo.
- Hreinn Benediktsson. 1962. [Bokmelding av] "Kenneth G. Chapman. Icelandic–Norwegian Linguistic Relationships." *Íslensk tunga* 3: 152–162.
- Höfler, Otto. 1955–56. "Stammbaumtheorie, Wellentheorie, Entfaltungstheorie." *Beiträge zur Geschichte der deutschen Sprache und Literatur* 77: 30–66, 424–476; 78: 1–44.
- Indrebø, Gustav. 1951. *Norsk Målsoga*. [Norsk Bokreidingslag,] Bergen.
- Jón Jóhannesson. 1958. *Íslendinga saga II. Fyrirlestrar og ritgerðir um tímabilið 1262-1550*. Almenna Bókafélagið, Reykjavík.
- Kjartan Ottósson. 1992. *The Icelandic Middle Voice. The morphological and phonological development*. Department of Scandinavian Languages, Lund.
- Larsen, Amund B. 1896. Om de nordiske dialekters forhold til nabosprogene. *Sproglig-historiske Studier tilegnede C. R. Unger*. Kristiania.
- Larsen, Amund B. 1917. "Naboopposition – knot." *Maal og Minne* 1917: 34–46.
- Larsen, P. Harms. 1970. "To bidrag til beskrivelsen af 'non-realis' i dansk." *Nydanske studier* 1: 34–41.
- Magerøy, Hallvard. 1993. *Soga om austmenn. Nordmenn som siglde til Island og Grønland i mellomalderen*. (Det Norske Videnskaps-Akademi. II. Hist.-Filos. Klasse. Skrifter. Ny Serie. No. 19.) Det Norske Samlaget, Oslo.
- Milroy, James. 1992. *Linguistic variation and change*. Blackwell, Oxford.
- Nordgård, Torbjørn & Tor Áfarli. 1990. *Generativ syntaks. Ei innføring via norsk*. Novus, Oslo.
- Omdal, Helge. 1977. "Høyangermålet – en ny dialekt." *Språklig Samling* 1/77: 7-9.
- Rindal, Magnus. 1983. "Bergens eldste bymål." *Eigenproduksjon* 19: 39-49.
- Rundhovde, Gunvor. 1965. *Målet i Hamre. Ljodvokster og stutt utsyn over formverk i eit Nordhordlandsmål*. (Årbok for Universitetet i Bergen 1962 nr. 3.) Universitetsforlaget, Bergen.
- Sandve, Bjørn Harald. 1976. *Om talemålet i industristadene Odda og Tyssedal: Generasjonsskilnad og tilnærming mellom dei to målføra*. (Upubliseret hovedoppgåve.) Nordisk institutt, Bergen.
- Sandøy, Helge. 1985. *Norsk dialektkunnskap*. (2. utg. 1987.) Novus, Oslo.
- Sandøy, Helge. 1991. "Attraksjon av supinum i færøysk og norsk." *Danske folkemål* 33: 251–262.
- Sandøy, Helge. 1994. "Utan kontakt og endring?" Ulla-Britt Kotsinas & John Helgander (red.): *Dialektkontakt, språkkontakt och språkförändring i Norden. Föredrag från ett forskarsymposium* (Meddelanden från Institutionen för nordiska språk vid Stockholms universitet. MINS 40) (s. 38-51). Institutionen för nordiska språk, Stockholms universitet, Stockholm.
- Sandøy, Helge. 1998. "Breyting á hljóðlengd eða hljóðgildi?" *Íslenskt mál* 19–20: 45–84.
- Sandøy, Helge. 2000. Nation und Sprache: das Norwegische. Andreas Gardt (red.): *Nation und Sprache* (s. 873-913). de Gruyter, Berlin.
- Sandøy, Helge. 2001. Færøysk i vestnordisk språkhistorie. Kurt Braunmüller & Jógvan í Lon Jacobsen (red.): *Moderne lingvistiske teorier og færøysk*. (Nordisk Sprogråds skrifter) (s. 125-154). Novus, Oslo.
- Schmidt, Johannes. 1872. *Die Verwandtschaftsverhältnisse der indogermanischen Sprachen*. Böhlau, Weimar.
- Sigurður Líndal (red.). 1974-90. *Saga Íslands I-V. Samin að tilhlutan Þjóðhátíðarnefndar 1974*. Hið íslenska bókmenntafélag & Sögufélagið, Reykjavík.
- Sigurður Líndal. 1974. "Ísland og umheimurinn." Sigurður Líndal (red.): *Saga Íslands I* (s. 199-223). Hið íslenska bókmenntafélag & Sögufélagið, Reykjavík.
- Stefán Karlsson. 1989. "Tungan." Frosti F. Jóhannesson (red.): *Íslensk þjóðmenning VI* (s. 1-54). Bókaútgáfan Þjóðsaga, Reykjavík.
- Steinsholt, Anders. 1964. *Målbryting i Hedrum*. (Skrifter frå Norsk Målførearkiv 19.) Universitetsforlaget, Oslo.
- Steinsholt, Anders. 1973. *Målbryting i Hedrum 30 år etter*. (Skrifter frå Norsk Målførearkiv 26.) Universitetsforlaget, Oslo.
- Sørli, Mikjel. 1965. *En færøysk-norsk lovbok fra omkring 1310: En studie i færøysk språkhistorie*. Mentunargrunnur Føroya Løgtings & Universitetsforlaget, Tórshavn-Bergen-Oslo.
- Torp, Arne. 2000. "Stamtre, bølger, frø og kontakt: modeller for språkforandring innanfor nordisk språkvitenskap." *Folkmålsstudier* 39: 413–428.
- Trudgill, Peter. 1986. *Dialects in contact*. Blackwell, Oxford.
- Trudgill, Peter. 1986. *Dialects in contact*. Language in society 10. Basil Blackwell, Oxford.
- Trudgill, Peter. 1992. Dialect typology and social structure. Ernst Håkon Jahr (red.): *Language contact. Theoretical and empirical studies* (s. 195-212). Mouton de Gruyter, Berlin & New York.
- Trudgill, Peter. 1999. The chaos before the order: New Zealand English and the second stage of new-dialect

- formation. Ernst-Håkon Jahr (red.): *Language Change* (Trends in linguistics, Studies and monographs 114.) (s. 197-207). Mouton de Gruyter, Berlin.
- Vannebo, Kjell Ivar. 1989. "Rekonstruerende perfektum." *Norsk Lingvistisk Tidsskrift* 1/89: 3–16.
- Venås, Kjell. 1977. *Hallingmålet*. Det Norske Samlaget, Oslo.
- Veturliði Óskarsson. 2001. *Middelnedertyske låneord i islandsk diplomsprog frem til år 1500*. Institutionen för nordiska språk, Uppsala.
- Vidsteen, Chr. 1885. *Oplysninger om Bygdemaalene i Hardanger*. Ed. B. Giertsen, Bergen.
- Westergård-Nielsen, Chr. 1946. *Låneordene i det 16. århundredes trykte islandske litteratur*. (Bibliotheca Arnamagæana 6.) København.
- Aasen, Ivar 1848. *Det norske Folkesprogs Grammatik*. Kristiania.

¹ Disse tala må ikkje takast som historisk dokumentasjon, for *Landnámabók* er truleg mye prega av fiksjon. Men tendensen i tala har truleg eit visst historisk grunnlag.

² Dei norske dataa er henta frå vossamål, hardingmål og osterøymål (Heggstad 1932: 29, Vidsteen 1885: 29, Rundhovde 1965: 135). Disse to dialektane er einaste sørvestnorske områda med dativ i bruk til 1900-talet. Lang konsonant er i eksempla i tabellen skriven dobbel for å lette samanlikninga med norrønt.

³ Verba *deyja* og *geyja* var sterke i norrønt, og *búa* var eit reduplikasjonsverb. Preteritumsformene var *dó*, *gó*, *bjó*, men dei må tidleg i norrønt (som i skandinavisk) ha fått sekundære preteritumsformer, og da etter den gamle *dóma*-klassen: *deyði* osv. Stjernene markerer ikkje-belagte former, altså rekonstruerte former, og her kunne vi kalle dei mellomfærøyske former.

⁴ Eit anna sett er det nordvestlandske og hallingdalske: *denne* – *dette* – *desse* for det nære og *denna* – *detta* – *desa* for det fjerne.

⁵ Vokalvariantane *e* og *a* kan rettnok tenkjast å vere analoge til dei ein finn i *hér* og *þar*.

⁶ Opplyst av Vidar Reinhammar.